



## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 21.04.2015  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 09:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland, ordfører	H	Ordfører
Frode Langhelle	H	Medlem
Marit Steinestø	Krf	Varaordfører
Egil Kvingedal	V	Medlem
Arthur Reidar Sjursen	AP	Medlem

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass. rådmann Sveinung Toft og konsulent Maud Sleire Holmaas som førte møteboka.

---

### Sakliste

Saknr	Tittel
040/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
041/2015	Godkjenning av møtebok
042/2015	Godkjenning av Plan for strategisk kompetansestyring for Masfjorden kommune 2015 - 2018
043/2015	Gjeld regulering av tilleggsområde ved Giljane bustadfelt
044/2015	Finansrapportering 2014 pr. 31.12.2014
045/2015	Referatsak
053/2015	Områdeplan Haugsværdalen 2. gangs framlegg til offentlig ettersyn

**040/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

**21.04.2015 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

**FS - 040/2015 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjend**

---

**041/2015: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjend.

**21.04.2015 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

**FS - 041/2015 VEDTAK:**

**Møtebok frå formannskapet 19.03.15 vert godkjend.**

---

**042/2015: Godkjenning av Plan for strategisk kompetansestyring for Masfjorden kommune 2015 - 2018**

**Rådmannen sitt framlegg:**

1. **Plan for strategisk kompetansestyring for Masfjorden kommune 2015 -2018 med handlingsplan blir vedteke som den ligg føre.**
2. **Lønspolitisk handlingsplan blir rullert hausten 2015/ våren 2016.**

**21.04.2015 FORMANNSKAPET**

Ordfører Karstein Totland gjekk kort gjennom saka.

Rådgevar Helga Ellingsen orienterte om endringane sidan sist.

Saka vart drøfta.

**Røysting:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret

**FS - 042/2015 VEDTAK:**

1. **Plan for strategisk kompetansestyring for Masfjorden kommune 2015 -2018 med handlingsplan blir vedteke som den ligg føre.**
2. **Lønspolitisk handlingsplan blir rullert hausten 2015/ våren 2016.**

---

**043/2015: Gjeld regulering av tilleggsområde ved Giljane bustadfelt**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen legg saka fram til drøfting i formannskapet.

**21.04.2015 FORMANNSKAPET**

Ordfører Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet:

Det vert sett i gang prosjekteringsarbeid med finansiering over kraftfondet budsjettpost bustadføremål.

**Røysting:**

Framlegg til vedtak frå formannskapet vert samrøystes tilrådd til kommunestyret

**FS - 043/2015 VEDTAK:**

**Det vert sett i gang prosjekteringsarbeid med finansiering over kraftfondet budsjettpost bustadføremål**

---

**044/2015: Finansrapportering 2014 pr. 31.12.2014**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Finansrapportering pr. 31.12.2014 vert teken til vitring**

**21.04.2015 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland gjekk kort gjennom saka.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte.

**Røysting:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - 044/2015 VEDTAK:**

**Finansrapportering pr. 31.12.2014 vert teken til vitring**

---

## **045/2015: Referatsak**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Referatsaker vert tekne til orientering

### **21.04.2015 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland orienterte om:

- Sandnes- Sandnesplanen-bustadføremål-utbyggingsavtale
- Konesjonskraft
- Medfinansiering utbedring Krokavassdammen
- Oppdatert oversyn over investeringsbehov og tiltak veg og bygg
- Støysak Sandnes - kokret tiltak/løysing

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om:

- Organisering
- Budsjettsaldering 2015

Innspel frå Arthur Sjursen Masfjorden arbeidarparti om Kraftspela 2016 vart følgt opp. Formannskapet er positive til at det vert halde eit møte slik der er ynskje om.

### **FS - 045/2015 VEDTAK:**

**Referatsaker vert tekne til orientering**

---

**053/2015: Områdeplan Haugsværdalen 2. gangs framlegg til offentlig ettersyn**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**21.04.2015 FORMANNSKAPET**

Ass. rådmann Sveinung Toft orienterte om saka.

Saka vart drøfta

Framlegg til vedtak frå formannskapet:

Områdeplan for Haugsværdalen 2. gangs framlegg av 20.04.2015 vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10 lagt ut til offentlig ettersyn.

Saka vart oppretta i møte og fekk då saksnr. 053/2015, rett saksnr. skulle vore 046/2015. Dette er ikkje mogelig å retta i saksystemet.

**FS - 053/2015 VEDTAK:**

**Områdeplan for Haugsværdalen 2. gangs framlegg av 20.04.2015 vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10 lagt ut til offentlig ettersyn.**

---

**Rett utskrift av møteprotokoll frå formannskapet den 21.04.15 vert vitna:**

---

Karstein Totland  
ordfører

---

Marit Steinestø  
varaordfører